

Torsdag fekk vertskapet på Dønhaug Gjestegard mange godord frå formannskapsmedlemma. I går var eitt av landets aller største rockeband på scenen der. Dei let seg imponera av den fantastiske konsertarenaen, og melde tilbake om det. På same konserten var det eit storfornøgd publikum som kom med mange og gode tilbakemeldingar til vertsskapet. Mykje positivt på kort tid, men svært så fortent.



[Dance With the Stranger](#) Foto:Ragnvald Myklebust

Dance With the Stranger er utvilsomt det største namnet som har gjesta Dønhaug.

– Dette er stort. Det er ein divisjon øve alt som har vore her tidlegare, vart det sagt. Rockebandet som selde plater som varmt kveitebrød og håva inn tre Spelemannsprisar på slutten av 80-talet og på 90-talet, var likevel aller best som live-band. At dei no samlast igjen, var stort for mange. At Uskedalen var ein av stadene som skulle få oppleve dei, var endå større! Det er og svært god marknadsføring av bygda. Det set Uskedalen på kartet. Derfor hadde vertsskapet fortent eit større publikum enn dei knapt 400 som fekk oppleve ein fantastisk konsert.



Esther Foto:Ragnvald Myklebust

Ramma rundt konserten var og den beste denne nydelege sommarkvelden. Frå scenen framfor låveveggen hadde musikarane kulisser av dalen, Englafjell og Ulvanosa i bakgrunnen, og den flotte utsikten ut Storsund i front. På tunet var det tett med småbord som publikum benka seg rundt.

Stemninga var god alt då oppvarmingsbandet ESTHER som har base i Bergen, starta opp. Ein av frontfigurane i dette bandet er som kjent Uskedalsjenta Camilla Myklebust. – Eg synes de er bra disse og, eg. Fin musikk. Virkelig behagelig, høyrde vi sagt frå publikum. Like fullt var det sjølvsagt Dance With the Stranger alle venta på.

- Eg har høyrte på dei heilt sidan eg var to år, og eg gler med veldig til dei kjem på scenen, fortalde ein av dei yngre mellom publikum. Då klokka passerte elleve sette dei i gang, og då heldt dei det gåande utan stopp til konserten var slutt. Som magnetar trekte dei folkehopen mot scenen. Virtuose på kvar sine instrument, og med ei speglede som smitta over på publikum. – Gubba kor levande dei er på scenen!

Her var rolege balladar innimellom rock med trøkk. Alt krydra med ELG si store stemme og Frode Alnæs sine utrulege og løyrefallande gitarsoloar. Dei serverte ei blanding av nye og gamle låtar. Gamle storslagarar som Everyone Needs a Friend og The Invisable Man var sjølvsagt med. Ein komplett konsert der publikum kunne ønskt seg endå meir då dei avslutta med ein skikkeleg rocke-låt der teksten gjekk på Uskedal.

Blant publikum var det eit solid innslag av båtfolk. Dessutan la vi merke til gledeleg mange utflytta uskedelingar som var heimom denne helga. Det var nok ikkje tilfeldig! I tillegg til ein del uskedals-bergensarar registrerte vi at dei var komne m.a. frå Bærum, Stavanger og til og med frå London.

Ved storarrangementa på Dønhaug dryp det og økonomisk på andre. Idrettslaget stod for sal av grillmat, og Kvinnherad AmCar-klubb stod for vakthaldet. Vi vil tru at begge desse laga fekk inn ein fin slump tiltrengde midlar i kassen.

Elles hjelpte og andre til å få arrangementet i hamn. Eit prikkfritt arrangement! Vi håpar det vert lagt opp til fleire konsertar utandørs på Dønhaug.

Foto: Thor Inge Døssland.